

Oversikt og synleggjering av løyvingar gjort frå næringsfondet i 2017.

I denne oversikten synleggjer ein dei private tilskotmottakarane sine eigne vurderingar knytt til mottak av stønad (lån og/eller tilskot) frå næringsfondet.

Under *kommunale tiltak* er det gjeve ein kort status for prosjekta.

Tiltak retta mot landbruket er ikkje inkludert i denne rapporten.

Kommunale tiltak

Tiltak	Status
Dokumentere sandindustriutviklinga i Modalen gjennom utstilling på Bryggjeslottet. Løyving: kr. 50 000,- i tilskot.	Utstillinga er etablert. Prosjektet er avslutta.
Tilretteleggje for besøkspunkt i Mostraumen gjennom digitalisering av helleristingar. Samarbeid med grunneigarar og Hordaland fylkeskommune. Løyving: kr. 95 000,- i tilskot.	Det vart naudsynt å gjennomføre eit arbeid knytt til eigedomsgrenser i samarbeid med grunneigarar. Dette er ikkje avslutta. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjeve ny framdriftsinformasjon. Tiltaket står på vent inntil grensearbeid er avslutta, samt nærare informasjon om framdrift frå HFK ligg føre.
Produsere pilot-turfilm frå Modalen i samarbeid med Nese media. Løyving: kr. 10 000,- i tilskot.	Første pilot «Slottet» vart produsert og er m.a. nytta på kommunen si heimeside.
Produsere om lag 5 turfilmar i samarbeid med Nese media som skal profilere Modalen. Løyving: kr. 55 000,- i tilskot.	Følgjande filmar er produsert (visningar på youtube.com i parantes pr. 28.12.18): <ul style="list-style-type: none">- Otterstadstølen (25 000)- Skavlabu (3100)- Mo – Øvre Helland på sykkel (5 000)- Tverradalstølen (8 100)- Blånipa (3 000)- Flatekval – Farestveit (1 500)- Oster inn til Mo (3 700)
Dokumentere ytterlegare om sandindustrien i bokform. Løyving: kr. 50 000,- i tilskot.	Dette er utført. Boka kom i sal til jul 2017. Første opptrykk var 300 eks. Ca. 230 eks. solgt.

Private tiltak

Følgande spørsmål vart sendt dei som hadde fått løyvd midlar:

1. Har du motteke løyvd stønad?
2. Kva er status for prosjektet ditt pr. 16.11.18?
3. Var det viktig for prosjektet ditt at du fekk stønad frå næringsfondet? Evt. på kva vis?
4. Korleis vurderer du framtidsutsiktene til prosjektet/verksemda di?

<p>Liv-Anne Aansesen mottok stønad til kurs i samfunnsentreprenørskap.</p> <p>Løyving: kr. 15 000,- i tilskot.</p>	<p>Vurdering:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Har motteke stønad 2. Kurset gav nyttig ny kunnskap om lokalt samfunnsutviklingsarbeid; ressursgrunnlag, mobilisering, merverknad, prosessar, døme frå inn- og utland, samt gode diskusjonar. 3. Viktig i samband med å engasjere innbyggjarane til å delta i utviklingsarbeid i kommunen, kommunikasjon, samarbeid mellom frivillige og kommunen. Det eg lærte har vore til stor hjelp i arbeidet som koordinator i det lokale LivOGLyst-prosjektet, anna frivillig arbeid i lag og organisasjonar som eg er involvert i, og som lokalpolitikar. 4. ... <p>Rådmannen si vurdering: Modalen kommune er avhengige av enkeltpersonar som ynskjer å kompetanseheve seg på ulike felt kor ein styrkar frivillighet og samfunnsengasjement. At slik kompetanse vert delt/spreidd ut i lag og org, samt politisk miljø, er sin styrke for lokaldemokratiet.</p>
<p>Lars Ø Nese søkte støtte til etablering av Nese media. Innkjøp av drøne/foto/lys.</p> <p>Løyving: kr. 30 000,- i tilskot.</p>	<p>Vurdering:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Har motteke stønad. 2. Status er at foretaket går bedre enn forventa, til tross for ingen oppsøkande salgsvirksomhet. Kundane har kome "av seg sjølv". Og det er i hovudsak pga startkapitalen og innkjøp av drona i oppstarten. 3. Det var veldig viktig for å ha godt utstyr til å kome i gang. Og uten midler frå kommunen hadde verksemda ikkje hatt den muligheten som ein no har fått seg. 4. Framtidsutsiktene er bra. Eg fekk også lov av arbeidsgivaren, Uni Micro å gå ned til 80% stilling for å kunne ha ein dag i veka til å fokusere på Nese Media. Noko som har gjort godt for både verksemda og meg personlig. Denne 20% permisjonen varer fram til jul. Det er i 2017 og 2018 gjort vidare investeringar i verksemda på over kr. 100 000 i utstyr og programvare - i tillegg til stønaden frå kommunen. Så utstyrsparken er no på et sopass bra nivå at ein kan ta på seg større og meir komplekse jobbar framover. <p>Rådmannen si vurdering:</p>

	<p>Nese media har med bakgrunn i stønad frå NF etablert seg godt, og har i tillegg vekstambisjonar i marknaden. Eit godt døme på at ein kan etablere verksemd i Modalen som kan nå ut til langt fleire enn Modalen. Vurderinga er at dette prosjektet er eit godt prosjekt som har vidareutviklingspotensial.</p>
<p>Kristin Nåmdal søkte om stønad til forstudie for etablering av bakeri i Sognafløren.</p> <p>Løyving: kr. 15 000,- i tilskot.</p>	<p>Vurdering: Sjå lenger nede på sida.</p>
<p>Veronika Ø Takvam søkte om støtte til etablering av selskapet «Husvasken» - vasketenester i Modalen.</p> <p>Løyving: kr. 40 000,- i tilskot.</p>	<p>Vurdering:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Har motteke kr. 20 000,- av løyvd tilskot på kr. 40 000,-. 2. Status i dag er at firmaet desverre er nedlagt. Eg hadde nokre faste kundar som eg var hos 1-2 gongar i mnd. Dei ga utrykk for at dei var veldig nøgde og at dette var eit tilbud som hjalp dei til å få fleire timar ledige i kvardagen og ein «luksus» som eg i ettertid har fått høyrte at dei sakna. Det har også kome nye forespørslar etter eg la ner bedrifta, så trur det ryktast gode ord om firmaet. Gjekk over i annan jobb. 3. Men tusen takk igjen for at dykk hadde trua på meg og gav meg støtte sjølv om det var til eit pitte lite enkeltmannsforetak som «berre» hadde ambisjonar om å lette litt på husarbeidet til den vanlige mannen i gata. Kanskje noko lignande kan vere det rette for nokon andre? Med tida ville kanskje arbeidsdagen blitt fylt opp? <p>Å starte opp noko eget var spennande, lærerikt og gav forsåvidt meirsmak sjølv om det ikkje blei det rette for meg nett no.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Selskapet er avslutta. <p>Rådmannen si vurdering: Veronika Ø Takvam gjorde eit godt arbeid knytt til marknadsavklaring og etablering av Hushjelpen. Fleire omstende spela inn og gjorde at ho valde å avslutte selskapet. Rådmannen si vurdering er at det vart eit spennande prosjekt som har gjeve avklaringar.</p>
<p>Mobryggja AS søkte om støtte til konsulentbistand frå Nordhordland Næringshage. Rådgeving innanfor marknadsføring.</p>	<p>Vurdering ikkje motteke frå Mobryggja.</p> <p>Ass. rådmann sine kommentarar: Konsulent frå NH NH samarbeidde med</p>

<p>Løyving: kr. 30 000,- i tilskot.</p>	<p>Mobryggja om å dukke ned i delar av drifta. T.d. såg dei på nye marknader, nye produkt, sider ved økonomi m.m. Mobryggja la inn ein god del eigeninnsats i mellom rådgjevingsøktene.</p>
<p>Kristin Nåmdal søkte om støtte til forprosjekt del 2 bakeri i Sognafloren.</p> <p>Løyving: kr. 78 400,- i tilskot.</p> <p>Det vart i 2018 søkt om ytterlegare støtte til etablering av låvebakeriet. Sidan prosjektet er avslutta vert dette inkludert i statusrapport for 2017.</p> <p>Løyving 2018: Kr. 208 125,- i tilskot. Kr. 208 125,- i lån.</p>	<p>Vurdering:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tilskot er motteke. 2. Låvebakeriet i Sognafloren er oppgradert, ny brødomn er installert. Låvebakeriet opna til modalsdagane 2018. 3. Vi kunne ikkje gjennomført dette prosjektet utan tilsegn frå næringsfondet. Dette er eit prosjekt med høg grad av risiko. Det er ein del grunnlagsinvesteringar og utstyr som måtte på plass for å kunne ta lokalet i bruk og det var store investeringskostnader ved oppstart, som kjøkken, straum og vann. Det er utbetalt over kr. 230 000,- til dette arbeidspenger til håndverkarane. 4. Vi vil og gjerne vidareutvikle konseptet med sal av lokaleprodukt, bygge salgshyller og få til eit meir profesjonelt system for vidareasal. Vi vil og gjerne ha kurs og samlingar i formidling av lokalmat. Vi planlegg for eit nærare samarbeid med Mo skule med utgangspunkt i ungt entrepenørskap. <p>Rådmannen si vurdering: Kristin Nåmdal og Sigrun Dale har systematisk nytta forstudiar for å komme fram til det Låvebakeriet som no syner seg å verte ein samlingsstad for kulturutviklinga i Modalen. Sidan vurderinga av sjølve etableringa først vert gjort om eit år, er det fortidleg å skrive noko om økonomisk berekraft på noverande tidspunkt. Rådmannen vurderer dette som eit spennande prosjekt å følgje.</p>
<p>COOP Modalen søkte om tilskot til ny drivstoffpumpe på Mo.</p> <p>Løyving: kr. 82 500,- i tilskot.</p>	<p>Vurdering:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tilskot er motteke. 2. Pumpene kom på plass våren 2018. 3. Uten støtte i fra Næringsfondet ville vi blitt nødt til å legge ned drivstoffanlegget. Det gamle anlegget var utdatert og i dårlig stand, så Coop Modalen SA er takknemlig for at Modalen Næringsfond ga oss tilskudd til innkjøp av et nytt 4. Det nye anlegget fungerer veldig bra, og vi tror at innbyggerne i Modalen er fornøyd med at det fortsatt er mulig å få kjøpt drivstoff i kommunen.

	<p>Rådmannen si vurdering: Viktg at ein i Modalen har tilgang på drivstoff til private/offentlege kundar. Ei fornying styrkjer butikken, samt sentrumstilbodet på Mo. I fortsettinga har dagleg leiar lufta idèen om å kunne investere i trilletankar for påfyll til båtar.</p>
<p>SeaCamp AS søkte om støtte til kjøp tilrettelegging av Mosandhuset. Føremål om å etablere kombinert campingplass, knutepunkt for gründer-/SMB-verksemder.</p> <p>Løyving: Kr. 453 750,- i lån Kr. 500 000,- i tilskot.</p>	<p>Vurdering pr. 01.09.18:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Lån er motteke. Delar av tilskot er motteke. 2. Mosandhuset er overtatt av SeaCamp as. Av store investeringer har vi utbedret gulvet i hall da dette var et tidligere verksted. Gulvet har fått nytt dekke av Epoxy og kan nå brukes til arrangementer, lager m.m. innendørs. Vi har også hatt kostnader til rørlegger for tilrettelegging av frisør. Vi jobber vidare med å få hus og eiendom regulert til næringseiendom. Dette har tatt tid og er p.d.d. ikke i havn. 3. Tilskuddet og lånet vært helt avgjørende for oppstart av SeaCamp AS. Vi har hatt mulighet fra starten til oppgraderingen av hus og eiendom som er nødvendig for å starte camping og bedrifts-HUB. 4. Framtiden avhenger veldig av hva som blir utfallet av omgjøringen av eiendommen til næringseiendom. Vi er meget avhengig av å kunne leie ut leilighet til andre enn industri. <p>Rådmannen si vurdering: Hovuddelen av satsinga fann stad i 2018, og vil halde fram i 2019. Det er på noverande tidspunkt for tidleg å trekkje slutningar utover selskapet sine egne vurderingar.</p>
<p>Modalen Kraftlag SA søkte om støtte til ny lastebil i samband med at selskapet hadde fått 3 nye konsesjonar.</p> <p>Løyving: Kr. 499 301,- i tilskot Kr. 213 986,- i lån</p>	<p>Vurdering:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Har motteke løyvde midlar. 2. Fekk levert ny Iveco lastebil med ny 8,5Tm kran i januar 2018. 3. Lastebilen er i dagleg bruk ved Modalen Kraftlag og til god hjelp for oss. Hovedformålet var og er til bruk ved nye småkraftutbygginger i Modalen. Utbyggingene våre er under planlegging og vert aktivert så fort me får ting på plass. 4. Framtidsutsiktene til nye småkraftutbygginger i Modalen ser lovende ut med dagens strømpriser. På sikt må me nok ansette fleire noko som då vil gie lokal

verdiskapnad her i Modalen.

Rådmannen si vurdering:

Kraftlaget representerer ein viktig bærebjelke for Modalen si verdiskaping. Å ha lokalkunnskap og - eigarskap når steg skal takast er viktig verdiar for Modalen kommune. I arbeidet med å utvikle nye anlegg/konsesjonar er det viktig at kommunen kan spele på lag og sikre tilgang på finansiering. Kraftlaget peiker på at dette høgst sannsynleg vil gje fleire arbeidsplassar når ein kjem i gang.